

# Elektroingenør

## Stilling ledig 100%

### Modalen Kraftlag søker ingeniør med installatørpapir

Modalen Kraftlag skal tilsetja ein ingeniør med godkjende installatørpapir. Arbeidet omfattar leiing, drift, vedlikehald og nybygging av linjenettet, samt oppfølging av eksisterande kraftverk og nye småkraftverk.

Stillinga er svært allsidig og vil innehalda oppgåver innan elektro, mekanisk og anlegg, i tillegg til leiing og driftsrelaterte arbeidsoppgåver. Den som vert tilsett, vil inngå i kraftlaget si vaktordning for linjenettet og kraftstasjonane.

Som eit lite kraftlag er me særleg avhengige av tilsette med brei fagkompetanse, som kan arbeida både sjølvstendig og i tett samarbeid med andre. Regional tilhøyrslø vil vera ein fordel. Stillinga krev fysisk tilstadevering på kontoret i Modalen, men delar av arbeidet kan utførast frå heimekontor.

### Kvalifikasjonar (fortrinnsvis):

- Elektroingeniør eller teknisk fagskule med relevant tilleggsutdanning
- Godkjenning som elektroinstallatør
- Fagbrev som energimontør/elektrikar
- Minimum 5 års erfaring, gjerne frå kraftbransjen
- Erfaring med leiing og prosjektarbeid
- Erfaring frå kraftverk og nett er ein fordel
- God forståing for HMS
- Gode norsk kunnskapar, både munnleg og skriftleg
- Førarkort klasse B. Klasse BE og C er ein fordel

### Kontakt og søknad

Spørsmål om stillinga kan rettast til [post@modalenkraftlag.no](mailto:post@modalenkraftlag.no) eller tlf. 952 26 085 (Simon Flatekval).

## Om arbeidsgiveren

### Om Modalen Kraftlag SA

Modalen Kraftlag SA er eigd av kundane i Modalen kommune og driv produksjon og distribusjon av kraft i kommunen. I desember 2024 vart verksemda delt i to datterselskap: **MK Kraft AS**, som har ansvar for produksjon og sal av kraft, og **Mostraum Nett AS**, som har ansvar for nettet.

Kraftlaget har i dag fire stillingar som arbeider med drift, vedlikehald og nybygging av linjenettet og kraftstasjonane. Selskapet har t0 småkraftverk i drift, og eit tredje kraftverk er no i ferd med å bli sett i produksjon. I tillegg har kraftlaget konsesjonar for to nye småkraftverk som er planlagt utbygd i perioden 2026–2028.

- Sektor: Samvirke
- Sted: Balane 39, 5729 [Modalen](#)
- Hjemmekontor: [Delvis hjemmekontor](#)
- Bransje: [Kraft og energi](#)
- Stillingsfunksjon: [Elektroingeniør](#)
- Arbeidsspråk: Norsk